
Frå: Knut Morten Straume <knut@straumemaskin.no>

Send: fredag 1. april 2022 16:52

Til: Laila Bjørge <laila.bjorge@alver.kommune.no>

Emne: Søknad om bakkeplanering

Hei

Sender herved søknad om bakkeplanering iht. telefonsamtale.

Saken gjeld planering av steinplanert område som er merka av på vedlagt kart. G.br.nr 493-8 i Alver Kommune.

Som nevnt på telefon har eg fått ein forespørsel ifb. eit anlegg som BKK skal utbedra i Knarvik om potensielt mottak av 4000m³ med rein og uberørt myrjord som skal fjernast ifb. bygging av ein trafostasjon.

Dette er ein mengde som skal passe bra til området eg ønsker å jordplanere å nytte til slåtteareal, området er eit tidligere skrint beite/berg i dagen som no er sprengt vekk. Arealet ligg ved eksisterande dyrkamark, det er idag steinplanert 1 meter lågare enn dyrkamarka å klart til å påførast jord til planering.

- Eg ser for meg mottak av myrjorda snarast, som eg ville ha lagt i rankar til tørking, så vidare planering/profilering og jordarbeiding våren 2023.
- Arealet er tidligare nytta som beiteareal, med mest fjell i dagen, lite egna til å bearbeida med dårlig framkommelighet.
- Søknaden gjeld ønske om å få nytta denne overskuddsjorda til å planere ut område til dyrkamark, det er ekstra intressant for meg då arealet ligg ved eksisterande slåttemark.
- Transporten er tenkt biltransport med vogntog/ tippsemier. Vegen frå fylkesveg til tippområdet er min privatveg, det er ikkje andre brukarar av vegen som blir beramma. Den er dimensjonert til den type kjøring. og med god avkjørsel.
- Jordmassane er tenkt planert med lettast mulig gravemaskin med breie belter og god rekkevidde, for redusert jordpakking. Eg har tilgang på godt egna utstyr samt lang erfaring med gravearbeid i landbruksformål. Eg har kjøpt inn 100m³ med skjelsand som er planlagt å blanda i jorda.
- Håndtering av større stein blir tvilsomt noko utfordring til dette prosjektet då det er relativt steinfri jord det er snakk om, men stein som eventuelt blir for stor blir lagt i kanten mot aust som støtte. Eventuelt pigging av stein som blir for stor med meiselhammer påmontert gravemaskin.
- Drenering blir tilknytta eksisterande dreneringsgrøfter på dyrkamark ved. Planeringsarealet er tenkt planert med profilering.
- Eg meiner dette er eit prosjekt som er positivt for miljøet, eg får nytta fin og steinfri myrjord som alternativt kjem til å gå på jordtipp. Arealet ligg fint til det eksisterande slåttearealet mitt, i tillegg aukar eg slåttearealet som kjem godt med til vidare storfedrift som er produksjonen på garden. Forberedelsane er allerde gjort med steinplanering og vollar som hindrar utglidning/sig av massane. Det er liten fare for utglidning.

Ta gjerne kontakt ved manglande informasjon om prosjektet.
Håpar på positiv tilbakemelding.

Mvh Knut Morten Straume
Tlf 41504002